



## MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

**Møtedato:** 05.01.2016  
**Møtestad:** Heradshuset, møterom 2. etasje.  
**Møtetid:** 14:15 - 16:15

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalsleiar
Bjarnhild Helle		Nestleiar
Agnar Sellevold		Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem
Karin B. Groth	FRP	Medlem

---

### Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær.

Willy Andre Gjesdal, einingsleiar for Samfunnsutvikling, deltok under sak 03/2016.

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2016	INNSPEL TIL KULTURPLAN
04/2016	KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG - HØYRINGSUTTTALE



**01/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Eldrerådet 05.01.2016**

**Behandling:**

**ELD - sak 01/2016 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**02/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Eldrerådet 05.01.2016**

**Behandling:**

**ELD - sak 02/2016 Vedtak/Tilråding:**

Møteboka vart godkjent slik ho låg føre.

---

**03/2016: INNSPEL TIL KULTURPLAN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Eldrerådet 05.01.2016**



**Behandling:**

Einingsleiar Willy Andre Gjesdal gjekk gjennom utkast til Kulturplan. Eldrerådet drøfta saka og kom med innspel og forslag til tekst under del 3.8. som Gjesdal tok med i vidare arbeid med planen.

**ELD - sak 03/2016 Vedtak/Tilråding:**

Innspel frå Eldreråd og overlevert tekst vert teke med vidare i arbeid med Kulturplan.

---

**04/2016: KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG - HØYRINGSUTTTALE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Eldrerådet 05.01.2016**

**Behandling:**

**ELD - sak 04/2016 Vedtak/Tilråding:**

Innspel frå Eldrerådet til høyring for Kommunedelplan helse og omsorg:

- Det er viktig å stimulera til auka aktivitet blant brukarar, frå passivitet til aktivitet.
  - Aktivitet, deltaking og meistring heile livet må prioriterast.
  - Til punkt 1 s. 27: kartleggja kompetansen til dei tilsette for å stimulera til og nyttegjera og vidareutvikla den ubrukte kompetansen til å gjera kvardagen betre for brukarane og tilsette.
-



**Eventuelt:**

Eldrerådet stilte spørsmål til kriterier for utleige av omsorgsbustadar. Eit av medlema i Eldrerådet hadde fått melding om at det var klage på bråk frå ei leilegheit, og at bebruarane stillte spørsmål ved utleige av denne leilegheita. Sekretær tek spørsmål og melding vidare til einingsleiar for Samfunnsutvikling.

Tilbod om opplæring / kurs for medlem av Eldrerådet. Leiar Helge Risnes koordinerar påmelding. 2-3 medlem deltek.

Møtedatoar for vårhalvåret 2016: **tysdag 23. februar kl. 13.00 - 15.00** og **onsdag 22. juni kl. 10.00 - 12.30**. Eldrerådet ber om at februar møtet vert på Daletunet omsorgssenter, og at dei får servert den middagen bebruarane får denne dagen. Den kulturelle spaserstokken, program for hausten, må også opp på møtet. På junimøtet vert rådmannen sitt framlegg til økonomiplan viktig sak.